

eventuell bredgjødsling som kommer etterpå og således konkurrerer mye bedre med den vegetasjon som vil utvikle seg på hele flaten.

Som en foreløpig, generell retningslinje for ettergjødsling — når lokalt gjødslede planter begynner å avta i vekst — kan man si: På bedre myrer med godt formuldet torv kan man spre all startgjødsel som vi har bestemt å tilføre pr. flateenhet med det samme. På dårlig formuldet *Sphagnum*-torv (nedbørsmyrer) som krever forholdsvis sterkere gjødsling, er det best å dele gjødseldosen slik at i hvert fall kvelstoff og kalium tilføres med f. eks. halvparten nå og resten et par år senere når jorden og vegetasjonen vil være mer «moden» til å beholde og bruke næringsstoffene. Hvilke elementer (utenom nevnte P, N, K og Ca) trengs å tilføre for å ha best mulig vekst av skogen, dvs. hvilken endelig sammensetning allsidig startgjødsling vil få, det er det vi arbeider med å utforske på de anlagte forsøksfelter. Vi håper å få vite dette med tiden.

Jeg vil minne en gang til om at den som vil anlegge gjødslingsforsøk på myr, må huske at man bare på tørrlagt mark kan regne med å få god virkning av gjødselen. Man regner med at grunnvannsnivået midt på teigen gjennomsnittlig må være minst 30 cm fra myroverflaten om sommeren. Hvis myra ennå ikke er grøftet, så bruk tverrgrøfting, som gir en bedre effekt i sammenlikning med langsgrøfting ved samme grøfteavstand.

## PLANTEDYR KING PÅ MYRJORD.

*Av forsøksleiar Hans Hagerup.*

(Framhald frå hefte nr. 3, 1959.)

### VII. Kjøkenvokstrar.

Mange kjøkenvokstrar høver godt på myrjord. Dei vanlege matnyttige vokstrane kan dyrkast årvisst, sjølv om det kan vera noko frostlendt. Frostnæme kjøkenvokstrar får ein ikkje noko glede av på myrjord der frost inntreir av og til. Skal dyrkinga gjerast i større mon, må desse vokstrar ut på jordet saman med jordbruksvokstrane, i det små vert det på mindre parseller ved husa. Når det gjeld dyrking for tidleg sal, kjem myrjorda til kort mot fastmarksjord fordi utviklinga går seinare på myrjorda. For ymse vokstrar, som gulrot, vil det derimot som oftast verta finare vare på myr enn frå fastmark og varen byr seg såleis sjølv betre fram. I det fylgjande skal omtalast ymse grønsakvokstrar som er prøvde ved forsøks garden.

#### A. Gulrot.

Gulrot høver godt og gjev gode avlingar på betre myrtypar, men og på simplare myrar går gulrot godt. Såleis nemner *Sorteberg* (1947) at det på Smøla er oppnådd godt resultat på lyng- og

grasrik kvitemosemyr, når ein berre er merksam på mangelen av sporeme som kan vera vanleg på simpel dyrkingsmyr. På myr der brenntorva ligg høgt i profilet, vil ikkje gulrot høva da strukturen er uheldig, i alle fall den første tida etter oppdyrkinga. Rett nok krev gulrota mykje arbeid med tynning og reinhald, det gjeld difor å finne fram til ein kultiveringsmåte som krev så lite handarbeid som mogleg. Dette gjeld mest for tynningsarbeidet som det er leitt å få gjort skikkeleg. Her må ein praktisere seg fram til å så så tunt som råd er, det vil letta tynningsarbeidet. Eittfrø-såmaskinar skulle løysa dette spørsmålet, men da gulrotfrøet oftast har låg spireevne, kan det verta mye sprang i åkeren. Ugras, som vassarve, kan gjera gulrot dyrkinga på myrjord vanskeleg når veret er regnfullt og kaldt frå våren av. Med dei moderne sprøytemidler vi no har skulle vi elles ha hand over dette ugraset. Gulrota bør dyrkast på så ugrasrein jord som mogleg. Det høver å ta den på ompløgd eng, ugraset vil her gjera mindre av seg. Også etter potet som er halde rein for ugras, skulle gulrot høve godt, men potetåker er vel mindre brukt.

Kulturmåten vi har nytta ved forsøkgarden er såing på rygg med 60 cm avstand og to sårader på ryggen. Ved dyrking på større areal står ein seg på å nytte ei sårad av omsyn til ugraskampen og knipe inn på ryggavstandet, for at avlinga ikkje skal gå ned for mykje. Mellom dei to såradene på ryggen med ein avstand på 7—8 cm, vil ugraset gjerne koma, og det som ikkje sprøyteoljen tek, må handlukast. Serleg lei kan åkergraurt vera. Det må og leggjast vekt på å få jord inntil plantane når desse er så store at dei toler hypping. Dette av to grunnar; ein må unngå at toppen vert grøn, det sett ned kvaliteten, og dessutan vil jorda verne mot frost om hausten der denne kan koma før haustinga vert gjort. Ein del frost toler gulrota, men hard frost fleire gonger vil gjera ho mindre lagringssterk.

#### 1. Val av gulrotsort.

Av sortar er det prøvd fleire ved forsøkgarden, og her skal vi ta med avlingstal for dei som har vori med lengst i forsøka og har stått best i avling av røter. Halvlang Nantes er ført opp med kg pr. dekar, dei andre med relative tal.

Tabell 27. Forsøk med gulrotsortar.

Sortar	1911—1922	1919—1932
	kg pr. dekar	kg pr. dekar
Nantes .....	3647 = 100	4850 = 100
Guerande .....	101	93
Feonia .....	—	91
Stutte forbeta driv .....	94	89
Chantenay (London torv) ....	99	83



Gulrot, Nantes, Mæresmyra 1958.

Nantes som det her er samanlikna med er ein forbetra stamme av Norsk Frø sin avl. Det er totale medelavlingar, av brukande vare til mat reknar ein med at 10—15 % går frå av sprukne og greinete røter. Med god smuldring av jorda til gulrota, vil det verta mindre av greinete røter. Som matrot er sortane, Nantes og Feonia dei finaste og beste. Fin rot er og Stutte driv, og den er tidleg ferdig. Guerande og Chantenay er grovare enn dei fyrst nemnde, men er betre for vinterlagring. I dei siste års forsøk med ymse stammer av Nantes har Berle's stamme vori best under våre tilhøve, om lag like bra er Norsk Frø sin stamme. Munkegård II har gjeve noko stokklauping under kald vår, og har gjeve litt mindre avling, men elles rot av god kvalitet.

Førgulrota Champion har under tilhøva ved forsøkgarden ikkje kunna konkurrere med dei beste matrøtene i rotavling eller kg turremne pr. dekar. I medel for 4 år var prosent turremne i røtene 10,9 % i Nantes og 11,8 % i Champion, og ho kjem ut med 98 % av Nantes sin avling av turremne pr. dekar. Bladavlinga er større hos førgulrota, og når den vert medteki, ligg totalavlinga 25 % over Nantes. Ved vurderinga av røtene til før er det da spørsmål om kor godt ein tek vare på blada. Gjennom så mange år som det er dyrka gulrot har avlingane variert mykje, såleis for Nantes frå ca. 1500 kg til 6—7000 kg pr. dekar etter som sommaren var kald eller varm og drivande.

## 2. S å t i d a.

Gulrota treng lang vokstertid på myrjord, ho spirer seint og difor vinn ein mykje ved å så ho så tidleg som vilkåra ligg til rette for det på staden. Ho toler tidleg såing, også i kald jord utan at ho renn i stokk noko større, det er likevel ingen grunn til å så for tidleg dersom ikkje spirevilkåra straks er gode. Frost kan og skade unge spirer. Frøet kan og såast om hausten og det høver vel best der våren er stutt og dei har sommar mest med ein gong snøen er gått. Går det lang tid til frøet spirer vil ugraset få større makt. Ved forsøkgarden er dreve såtidsforsøk i åra 1923—1932 med sorten *Chantenay* (London torg), og det er hausta fylgjande medelavlingar pr. dekar:

Medel såtider:	Kg røter pr. dekar:
8. mai .....	4386
20. » .....	÷ 614
1. juni .....	÷ 1263

Ved den fyrste såtida har det dei fleste åra vori tele i ploglaget, men stokkrenning som har innverka noko større på rotavlinga har det ikkje vori, det har vorti større avling og vel utvikla røter. Det er 14—15 % nedgong i avling ved utsetting av såtida 12 dagar, og ca. 30 % nedgong ved utsetting 24 dagar frå 8. mai. Av salsvare vil skilnaden vera enda større. For å skunda på spiringa kan det vera føremålstenleg å blyta frøet, så det kjem eit stykke på veg med spiringa før det vert lagt i jorda.

## 3. Jordbetring av myra til gulrot?

Jordbetring gjer myra varmare og meir drivande. Forsøka våre på grasmyr viser at gulrøtene har hatt nytte av det, avlinga har auka. Det er berre eitt års forsøk på nydyrka myr og det viste fylgjande resultat:

Sortar:	Utan sand:	30 m <sup>3</sup> sand pr. dekar:
Nantes .....	3616 kg pr. dekar	+ 1553 kg pr. dekar
James .....	4754 » » »	+ 1169 » » »

Det er eit spørsmål om meiravlinga i det lange laup kan halde seg, etterkvart som myra moldnar vil verknaden av sanden minke. Påføring av mineraljord på myr er ei dyr kulturåtgjerd, og der ein kan ta gode avlingar utan dette kulturmiddel, skulle det vera mindre grunn til å leggja vinn på det.

## B. Kål.

Hovudkål (eller andre kåslag) er meir kravfull med omsyn på sommarvarme enn gulrot skal han koma til full utvikling, dvs. å



Hovudkål, Trønder, Mæresmyra 1958.

veksa seg fast nok i den vokstertida som står til rådvelde. Resultatet av kåldyrkinga vil og verta meir skiftande, avdi desse vokstrar er meir utsette for insektåtak enn gulrota er. I visse strok av landet og mest i nordlege strok kan denne plaga vera så lei at dyrkinga mislukkast meir eller mindre. Det må i alle fall aktas på å sprøyte mot åtak i rette tid. Frost om våren er kål ømtåleg for, og ein må ikkje vera for tidleg ute med plantinga. Da myra er lite drivande jord vil kålvokstrane verta seinare ferdige på myr enn på fastmark. I rett varme år vil kålen verta fordreven og liten også på myrjord, og skal ein vatne til kål må det mykje vatn til skal myrjorda verta gjenommfukta i ein turkebol.

#### 1. Hovudkål.

Hovudkål er som gulrota dyrka på storr-brunmosemyra ved forsksgarden, og sortforsøk er dreve i fleire år.

For å unngå frosten mest mogleg om våren er utplantinga av kålen utført ei veke ut i juni månad. Er plantane prikla i jordpottes skal ein ikkje vera for snar til å setja dei på friland, men vente til verste frostnettene er lidne. Kraftige plantar med stutt og tjukk stengel og godt utvikla røter må det leggjast vekt på å få, desse er meir motstandsføre mot frost og insektåtak, difor er prikla eller jordpotta plantar best. Kålen må plantast grunt og fast og det går lett når røtene er godt utvikla, så det hardaste parti av stengelen står i jordyta. Gnagande insekt har da mindre makt på plantane.

Omplanting i jordpotter (prikling) gjev plantane ein føremon i likskap med lysgroing av potetene. Eit par forsøk ved forsøkgarden 1951—52 syner det. Resultatet går fram av tabell 28 der avlingane er ført opp i kg pr. dekar både av fast og laus hovudkål.

Tabell 28. Forsøk med prikling av kålplantar.

Ar	Sort: Trønder				Sort: Stavanger torg	
	Utan omplanting		Omplanta i jordpotter		Utan omplanting	Omplanta i jordpotter
	Fast kål, kg pr. dekar	Laus kål, %	Fast kål, kg pr. dekar	Laus kål, %	Fast kål, kg pr. dekar	Fast kål, kg pr. dekar
1951 .....	3535	—	+1325	—	4370	+2296
1952 .....	1308	44	+1157	25	—	—

Avlingsauken for omplantinga er størst både absolutt og relativ for Stavanger torg som er litt seinare enn Trønder. Året 1952 var eit dårleg år for hovudkålen, det vart lite av fast kål, men priklinga har redusert den lause kålen til 25 % medan det for uprikla plantar vart 44 % av den. Avlingsauken skulle vera god betaling for meirarbeidet med omplantinga. Gagnet av denne forkultur av kålplantane er at seinare kålsortar kan dyrkast og at kålen sturer lite eller inkje etter utplantinga, serleg om turkebolik skulle inntreffe.

Planteavstandet må retta seg etter sorten. Det vanlege avstandet på 60 cm kan høve for sortar som utviklar store hovud som dei tidlege av Ditmarskertypen. Det er ikkje noko å leggja vinn på å få dei sers store til vanlege hushald, og for sortar som Trønder og Erfurter o. l. er det ingen grunn til å gå over 50 cm. Sjølv med 40 cm avstand vert avlinga større enn med 60 cm, men vekta pr. hovud går ned etter som avstandet minkar.

#### a. Val av sortar.

Det er med hovudkål som med sortval av andre kulturvokstrar på myrjard, dei tidlege er dei mest årvisse der det er stutt, frostfri vokstertid. I gode år står dei tilbake i avling for seinare sortar. Utover hausten toler hovudkål ein del frost utan å ta skade, når han får tine opp før opptakinga. Til lagring for vinteren er det naudsynt med seinare sortar. Ymse sortar er prøvd på Mæresmyra gjennom fleire år. I tabell 29 er medelresultatet for åra 1923—1939 framstilt.

I tabellen kan sortane samanliknast med Trønder og ikkje innbyrdes elles, dei relative tala er her beste samanlikningsgrunnlaget. Plantetalet er redusert mykje og ulikt for dei ymse sortane, det er mest kålfluga som har vori årsaken, men og myhanklarvene om våren. Skal ein nå nokolunde fullt plantetal og gode avlingar må kålplantane vernast mot desse insektåtak og for å oppnå større

Tabell 29. Sortforsøk med hovudkål på Mæresmyra  
1923—1939.

Sortar	År	Kg fast kål pr. dekar	Relativ- tal	Prosent hausta plantar	
				I høve fullt plantetal	Av Trønder same åra
Trønder, Staup ....	16	2800	100	74	74
Ditmarsker .....	13	4175	154	70	72
Heinemann, juni- kjempe .....	7	4560	140	78	80
Moens kvitkål ....	5	3582	107	66	81
Stavanger torg ....	8	3173	101	70	76
Blåtopp .....	2	3260	106	78	81
Jåtun .....	8	2053	90	66	69
Olsok .....	5	3015	97	56	72
Mikeli .....	6	3021	89	65	74
Jersey Wakefield, spisskål .....	4	2810	100	71	78

avlingar. Det er dei tidlege sortane, Ditmarsker og Juni-riesen som har gjeve største avlingane, men dyrkinga av slike sortar får berre avgrensa verdi på myrjorda, serleg fordi ein ikkje kan få dei tidlege nok på marknaden frå myrjorda i tevling med kål frå fastmark. Trønder og Stavanger torg kan ein rekne med som tølleg årvisse av haust-vinterkål under tilhøva ved forsøkgarden. Avlingane har ikkje vori store, men ved meir effektiv kamp mot insektåtak ville resultatet verta betre. Truleg ville og ei sterkare gjødsling betra avlingsresultatet. Gjødslinga har vori medels sterk, men har likevel under gode avlingsår gjeve over 4000 kg fast kål for Trønder og 6800 kg pr. dekar av Ditmarsker. Jåtun, Blåtopp og Moens kvitkål er gode sortar og lagringssterke, men er for lite årvisse her og høver betre der vokstertida er lenger.

## 2. Blomkål.

Blomkål har gjeve fine avlingar på myrjorda ved forsøkgarden når berre ikkje insektåtak eller frost skader han. Blomkål ser ut til å vera meir mottakeleg for insektåtak enn hovudkål. Kåltege tar helst blomkålen om våren etter utplantinga og suger ut vekstpunktet slik at voksteren vert unormal. Det må tidleg sprøyting eller dusting til for å hindre det. Også larven av myhanken (*Tipula*) synes helst å ta blomkålen fyrst. Frost toler blomkål mindre av enn hovudkål, men da han er tidlegare ferdig, unngår ein denne skade. Skal ein rekne med marknadsføring av denne, må det brukast dei tidlegaste sortane, det kan likevel vera vanskeleg å koma så



Grønkål, Mæresmyra 1924.

tidleg på marknaden med blomkål frå myr som frå fastmark. Kvaliteten av blomkålen har vori sers fin med store og vel utvikla blomsterstandar. Samanliknande forsøk med blomkål er det ikkje utført mykje av, men sortar som Erfurter dverg, Stor dansk, Schneekuppe og Pioner original har gjeve fin kvalitet.

### 3. Andre kålarter.

Av andre kålarter har vi ikkje hatt samanliknande forsøk, og her skal difor berre nemnast sortane som er prøvde:

Spisskål er tidleg og årviss, såleis er Erstling sers tidleg ferdig, James Wakefield er sein, men har gjeve fin kvalitet.

Savoykål og raudkål har i gode år gjeve fine avlingar. Dei prøvde sortane har truleg vori for seine og er planta direkte ut. Kissendrup raudkål er vinterkål. Av savoykål, Eisenkopf, som er tolleg tidleg har vi oppnådd 2700 kg pr. dekar.

Grønkål går fint og kan såast på friland, men vert då mykje mindre enn ved forkultur i benk.

### C. Raudbeter.

Denne har gått bra på myrjorda ved forsøkgarden. Han må ikkje såast tidleg medan jorda er rå og kald, da vil han lett gå i



frøstokk. Turke er raubeter ømtåleg for og har noko lett for «rotbrann». Beising av såfrøet mot «rotbrann» vil truleg hjelpa. Raubeter er god indikator for bormangel med visne sårflater i skalet og ved at dei fyrste blada vert mørke og dør. Det har vi ikkje merka her, truleg av di at myra er dana på gamal havbotn og grasmyra har fått diverse mikroemne frå denne. Sjølv om vi ikkje har merka denne sjukdomen ved forsøkgarden, må ein vera merksam på det under andre tilhøve. Raubeter vil ha godt med varme og avlingane har difor skifta. I bolken 1937—41 gav sortane Improved Detroit og Crosby's egyptiske i medelavling 2250 kg og 2520 kg røter pr. dekar. Den fyrste gav finaste kvaliteten.

#### D. Pastinak.

Denne hagevokster er tolleg årwiss på myrjorda, men vil ha noko varm sommar skal røtene verta tilfredsstillande. Sorten Suttons student har i åra 1936—41 gjeve i medelavling 2145 kg pr. dekar og sorten Runde omlag like stor avling. Den fyrste står djupt i jorda og er vond å ta opp.

#### E. Andre kjøkenvokstrar.

Her skal stutt nemnast vokstrar som berre er dyrka på små parsellar og utan samanlikning av sortar.

Salat, både snittsalat og hovudsalat går fint på myrjorda. Hovudsalat må ha forkultur i benk. Av prøvde sortar av hovudsalat skal nemnast: Maikongen (har lett for å gå i stokk), Passé partout og Cassard. Amerikansk krusblada salat vert sers stor og fin.

Purre går bra når det berre vert godt med varme. Skal det verta noko godt utvikla plantar må benkplantane vera kraftige. Prøvde sortar: Carentan, Brabanter og Rouen kjempe.


Nepe (sukkernepe) vert god og av fin kvalitet. Da ho er tidleg ferdig til bruk kan ikkje kålfluga gjera noko skade. Sortar som er dyrka: Mailender og Snøball, den siste er mest vanleg.

Reddik høver godt på myrjorda, som må vera godt smuldra og mest mogleg fri for ugras. Dei prøvde sortane Kjøbenhavn er og Cslo torg har gjeve fine rotknollar. Reddik må ikkje såast i kald jord, han går da lett i stokk og det vert lange røter i staden for knollar.

Lauk. Kepalauk (stikklauk) bør ikkje dyrkast på godt molda myr der den naturlege nitrogentilgangen er rikeleg gjennom heile utviklingstida. Lauken vil her veksa opp i blad og stilk. På mindre molda myr og kvitnosemyr som er jordbeta vil denne lauken høve betre. Derimot veks sjallotlauken bra på betre molda myr.

Rabarbra går sers godt på myrjorda.

Kruspersille har vi tidlegare dyrka ein del av for lagning



Purre, Rouen kjempe, Mæresmyra 1924.

av grønsakmjøl. Persillen vert frodig på myrjorda, det er likevel om å gjera å hindre ugraset — verst er vassarve — frå å blande seg i rada. Frøet gror svert seint og da vil vassarve lett ta plassen.

Skolmevokstrar til mogning går det ikkje å dyrke på betre myrar som er godt molda, dei veks mest opp i ris og skolmene vert ikkje mogne. På myr som er mindre molda og på jordbeta kvitmosemyr lukkast dei godt. I Tyskland er både ertar og bønner dyrka på kvitmosemyr og ertene høyrer til dei meir lønande vokstrar (kfr. Die neuzetliche Moorkultur, hefte 4, 1931). Også i Finnland har dei på jordbeta og kalka kvitmosemyr dyrka ertar med fordel i varme år (Hagerup 1939).

#### *F. Skadedyr og andre voksterskader på rot- og kjøkenvokstrane.*

Det er under omtalen av dei ymse vokstrar nemnt litt om dei vanlege skadedyr som dei er utsette for under dyrkinga på myrjord og litt om boteråder mot dei. Her skal stutt nemnast i samanheng dei som til vanleg opptre og skader mest. (Om kampmidlene og måtar mot dei viser eg til lærebøkene og spesielle avhandlingar).

Jordloppa, den gulstripa, kjem vanleg på nepe, i mindre grad er kål utsett for henne. Verst er åtaka i turt, varmt ver og kan da i ein fei leggja øyde såradene. Gode vokstervilkår vil hjelpe fram plantane, men ikkje alltid hjelper det, da insekta kan ta spirene etter kvart som dei kjem opp. Åtaket kan verta så hardt at omsåing må til. Under turkebolkar etter såinga, vil frøet heller ikkje spire

sikkert. Dusting eller sprøyting med insektmidler straks åtaket viser seg vil oftast slå det attende, likeså beising av frøet.

Kålfluga er det kvart år åtak av på kål og kålrot. Neper er mindre utsette, det er skilnad mellom dei ymse rotformer til å motstå åtaka. Da egga til kålfluga er lett synlege ved rothalsen av plantane, må ein fylgja med utover sommaren for å kunne utføra sprøytingane i rett tid. Nyttar ein ikkje effektive kampmidler, kan avlingane av kål og kålrot verta øydelagde og det kan verta mykje omplanting av kål som da vert sein i si utvikling.

Myhanken sin larve er lei for kålvokstrane like etter utplantinga. På neper og kålrot går den ikkje. Sers lei er makken i kalde vårar. Like etter utplanting gneg han planten av like i jord-skorpa. Under omtalen av kål er nemnt litt om ymse boteråder. Kraftige kålplantar, helst prikla i jordpotter, er ein stor føremon. Planting i kræmarhus kan gå bra, men er for seint ved planting i større målestokk. (Giftblandingar er nemnt under åtak i korn-åkeren). Ved å verne om småfuglane (staren) har ein og ei hjelp mot dette insekt.

Kålsommarfuglen gjer sjeldan noko større skade, derimot kan kålmøllet i ymse, serleg varme år, gjera stor skade på bladverket og såleis setja ned voksteren av kålen. Neper og kålrot vert i slike år også sterkt skadde, mest er dette tilfelle i nordlegare strok. Ved dusting og sprøyting kan skadene reduserast sterkt.

Kåltege (engtege) er lei i kålvokstrane på myrjorda. Ho syg ut hjarteknuppen så kålen vert stagga i voksteren og sideknuppar kjem i staden, og av dei vert det små hovud. Blomkålen synes å vera mest utsett for tega. Skal ein hindre større skader må rådgjerdene nyttas flittig. Truleg er det tege som er årsak til at neper og kålrot får fleire bladfeste, men røtene vert likevel godt utvikla.

Klumprot har vi hatt på kål og neper ymse år, men i liten mon. Sjukdomen er spreidd med innkjøpte plantar og på annan måte. Går det lang nok tid mellom kvar gong same vokstrar kjem att på same plassen, vil sjukdomen koma burt. Etter ca. 10 år har ikkje vi merka sjukdomen ved å dyrka kål og rotvokstrar i tidlegare klumprotsjuk myr. Som nemnt under neper, er det skilnad mellom sortane med omsyn på kor mottakelege mot sjukdomen dei er.

Rotesoppene kan vera leie utover hausten på neper. Rund- og flatneper er meir utsette for dei enn langnepa. Det står vel i samband med at desse lettare vert skadde av kålfluga og såleis vil gjeva rotesoppene lettare innpass.

Gulrotsugaren (krusesjuka) har vi og på myrjorda, truleg ikkje fullt så sterkt som til vanleg på fastmark. Sprøyting er naudsynt for å minske eller hindre større skader.

Gulrotfluga har vi hatt lite åtak av på grasmyra. Utover hausten vil det gjeine finnast ein del plantar med raudleg-fiolette

blad som fluga er skuld i, og røtene er der treaktige og av meir fiolett farge enn galrota elles, og er ikkje brukande til mat. Rådgjerd mot denne er og ymse sprøytemidler og beising av frøet.

Her skal og nemnast litt om skader på plantane som parasitter ikkje er årsak til, såleis skort på mikronæringsemne, enda det skulle høyre heime under tilføring av plantenæring i det heile.


Myr er fatig på all plantenæring frå mineralriket og dei vanlege makronæringsemne må tilførast årleg for å få tilfredsstillande avlingar. Resultatet kan likevel verta dårleg på ymse slag myr, det ligg ofte i skort på mikronæringsemne, dei mest vanlege er kopar og bor, men og på sine stader mangan. Når det gjeld mikronæringsemna så har vi på grasmyra ved forsøkgarden ikkje merka skort av kopar og bor. Myra ligg berre ca. 20 m over havet og såleis på gamal havbotn, det smakar framleis salt av myrvatnet. På kálrot og raudbeter har vi hittil ikkje merka bormangel og heller ikkje koparskort på havre. Derimot på kvitosemyra som ikkje er påført mineraljord, og som har komi lenger i si utvikling enn grasmyra, med kravlause vokstrar, kvitmose og lyn som slutning på voksteren, viser mangelen seg. På denne myra har det vori voksterhemjingar når det ikkje er tilført kopar og bor til havre.

Kalkrik myr, med pH ca. 7 og derover, har vi t. d. i Ytre Namdal. Myra ligg der til dels på skjellsand. Ved dyrking av potet på slik jord vert avlinga minimal. Tilføring av mangan med gjødsla hjelper ein del, og sprøyting med 0,5 % oppløysing av mangansulfat har til dels vori betre. Sprøytinga er utført når mangelsymptomene viser seg. Å bruke svovel til å senke pH i myra har hjelpt mykje fyrste året til potet, men verknaden er stuttvarig og var burte året etter. Mengdene av svovel som vart brukt var og så store at måten vert for dyr når verknaden vert så stutt.

Ved dyrking av simpel myr må ein vigje spørsmålet om sporemna stor merksemd, (jfr. resultat frå Ny Jords forsøkgard på Smøla, Sorteberg 1947).

### VIII. Bærbuskar.

Det er ikkje dyrka bærbuskar i forsøk ved forsøkgarden, men ymse plantar vart sette dei fyrste åra forsøkgarden var i drift, så noko røynsle for bær dyrking på myr har vi fått. Såleis har rips gått bra og er så å seia årwiss på myrjorda her. Buskane har delvis vori plaga av rotlus, som er årsak til bladavfall. Dei sortar som er prøvde av solbær, stikkelsbær og bringebær, har ikkje vori vintersterke nok. Dei unge greiner av buskane vil som oftast fryse, berre i rett milde vintrar bergar dei seg over. Likeeins er det



Elonar ved bustadhus, Mæresmyra.

med årsskota av bringebær. Vile bringebær er meir hardføre, t. d. bringebær som veks langs gjerder, greier oftast vinteren.

### IX. Andre vokstrar.

Mange hageblomar veks godt på myrjorda, og når dei er hardføre nok, er det såleis ingen grunn til ikkje å dyrke dei. Dei pyntar opp omkring garden til glede for dei som bur der. Både av sommarblomar og fleirårige plantar (stauder) er det fleire som trivst godt og er froststerke. Blomekatalogane gjev og opplysning om kor hardføre dei er, så her skal ikkje nemnast namn, men vise til dei med omsyn på utval.

Om prydbuskar kan ein seia det same, men mange er frostnæme og kan av den grunn ikkje trivast, og vi har heller ikkje vidare røynsle for slike. Syren, spirea og sibirisk ertetre har greidd seg godt ved forsøkgarden.

Av spinnevokstrar har vi prøvd lin, som veks godt på grasmyra. Det som hindrar at dyrkinga lukkast fullt ut, er den rikelege naturlege tilgongen på nitrogen i grasmyra som gjer at linet går tidleg i legde. Kvaliteten vert da dårleg, det må haustast straks, ellers vil det verta ubrukande. Sortar som Herkules og Blenda er stråstive, men ikkje stive nok på grasmyra her. Betre røynsler har dei i Sverige med dyrking av lin på kvitmosemyr som har lite av tilgjengeleg nitrogen, der kan ein unngå legde (H. j. v. Feilitzen 1916).

Hamp er dyrka med godt resultat ved forsøkgarden når det

gjeld avling. Hampen bergar godt for legde, han dekkjer jorda godt og er såleis ein god plante til å kvele ugraset. Hampdyrking har elles ikkje noko for seg her i landet, når det ikkje er avtak for avlinga, og det er difor liten grunn til å prøve det vidare.

Av kryddervokstrar er prøvd karve. Han er rekna som ugras, men frøet har sin nytteverdi, og noko vanskeleg ugras er det ikkje. For ikkje svert lang tid tilbake var det i ymse bygder ei lita inntektskjelde for born, men no ser vi ingen ting til slik innsamling, berre litt for heimleg bruk. Karve har vi dyrka på grasmyra med godt resultat. Kulturmåten har vori i rader og med radreinsking for å halde ugraset burte.

(Framhald).

## GLIMT FRA MYRDRYKING I NORD-TYSKLAND OG DANMARK.

*Av sekretær Einar Wold.*

På de store, flate landområdene i Nord-Tyskland har det i de senere år foregått en intens nydyrking og bureising. Dette er både en følge av planen om å styrke jordbruket i Tyskland og de stadig større mulighetene for mekanisering av nydyrkingen.

Med studium av nydyrkingsmaskiner spesielt for øyet, oppholdt jeg meg noen dager i Nord-Tyskland og Jylland for å samle inntrykk fra myrdryrkingen i disse områdene. Oppholdet ble foretatt i forbindelse med en reise til Bryssel i 1958 som norsk representant til årsmøtet i Organisasjonen for verdensmesterskapet i traktorpløying (World Ploughing Organisation). Et stipendium fra Det norske myrselskap gjorde det mulig for meg å stoppe i Tyskland og Danmark på tilbaketuren.

### Tyskland.

Sammen med en privat maskinstasjonsholder nær Bremen, herr **M a n f r e d O s t h a u s** i Rotenburg, fikk jeg velvilligst studere hans private maskinpark for myrdryrking og dessuten foreta en inspeksjonstur rundt på forskjellige nydyrkingsfelter. Herr Osthaus hadde spesialisert seg på oppdyrking av myr og hede i distriktet Lüneburg—Bremerhaven og hadde vanligvis ca. 10 traktorer i arbeid.

### *Nye typer av jorddyrkingsmaskiner.*

På et bureisingsfelt i nærheten av Bremerhaven hadde maskinstasjonen dyrket opp ca. 1 000 dekar i løpet av de siste 10 år. Feltet